

Årsmelding 2026 for leikarringen i BUL Oslo

Årsmelding 2026 for leikarringen i BUL Oslo.....	1
1.0 Melding frå styret	2
1.1 Styret i Leikarringen 2025.....	2
1.2 Årsmøtet.....	2
1.3 Styrearbeid	2
1.3 Utmerkingar	2
1.4 Kurs og støtte	2
1.5 Medlemsstatistikk	3
1.7 Økonomi	3
2.0 Dansegruppene.....	4
2.1 Endra øvingstider	4
2.2 Tysdagsøvinga	4
2.3 BULder og Brak.....	6
2.4 Songdansgruppa	6
2.5 Søndansen.....	7
2.6 Grunnkurs.....	8
2.7 Open sal	8
3. Samarbeid med andre	8
4. Kven Veit?	8
5. Oppdrag.....	9
6. Arrangement	9
6.1 17. mai.....	9
6.2 Lønningspols.....	9
6.3 Leikfest.....	9
7. Kappleikdeltaking	10
7.1 Landskappleiken	10
7.2 Oslokappleiken	11
7.3 Distriktskappleiken	12
7.4 Vinterkappleiken	13

8. Kurshaldarkurs.....	13
9. Turar	13
10. Innkjøp og salg.....	14
11. Melding frå Rådet	14
12. Melding frå Bunadsnemnda	15

1.0 Melding frå styret

1.1 Styret i Leikarringen 2025

Leiar:	Elise Birgitte Haugsten Thomassen
Nestleiar:	Erik Hiltunen
Styremedlem:	Anna Aarekol
Styremedlem:	Ane Magrete Valseth
Styremedlem:	
Styremedlem:	Vebjørn Fauske
Styremedlem:	Synnøve Bryde
1. varamedlem:	Sara Sneltorp
2. varamedlem:	Øystein Krogstie

1.2 Årsmøtet

Årsmøtet vart halde i lagsrommet tysdag 4. mars. 2025. 23 medlemmar deltok med røysterett frå møtestart. 1 medlem kom til i løpet av møtet, slik at ved sak 2.1 var det 24 medlemmar til stades med røysterett, men frå sak 3 var me att 23 med røysterett.

1.3 Styrearbeid

Styret har hatt 9 ordinære styremøte på lagskontoret i løpet av året. I tillegg har styret hatt to lengre styreseminar, eitt like etter årsmøtet og eitt om hausten. Det har òg vore utstrekt kontakt i Spond.

1.3 Utmerkingar

Torbjørn Bergwitz Lauen fekk tildelt heidersmerket for framifrå innsats som leiar. Ringen har under leiinga hans dobla medlemstala, og i tillegg har han stått i front for fleire store tilstellingar. Han fekk tildelinga på Leikfest. Dette er det 87. merket Leikarringen har delt ut.

1.4 Kurs og støtte

I 2025 har desse fått støtte av leikarringen:

Silje Løstegard	Storhelg i Hallingdal
Antina Schäfer	ISLEK 2025

Anna F. Aarekol	ISLEK 2025
Torbjørn B. Lauen	ISLEK 2025
Torbjørn B. Lauen	Nordisk balladeseminar
Synnøve Bryde	Seminar om folketonar og folkedans frå Nord-Norge
Synnøve Bryde	Vaffelrørestøtte til Bondehyttatur

1.5 Medlemsstatistikk

Pr. 10.02.26¹ hadde Leikarringen 264 medlemmar i alder 0 til 90. Av desse var 29 honnørmedlemmar. Samanlikna med 2024, har me hatt ei auke på 4 medlemmar.

Medlemssamansettinga syner jamn fordeling i alder med eit fleirtal av medlemmar i tjueåra. Kjønnbalansen viser 167 kvinner, 93 menn og 4 som ikkje definerer seg slik.

Alder i leikarringen i 2024 og 2025:

	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	80-89	90-99
2025	4	28	103	46	15	23	14	21	9	1
2024	2	27	105	40	16	25	11	22	11	1

Medlemsutvikling dei siste 10 åra:

2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
264	260	222	163	144	122 (+ 21 under 18 år)	124 (+ 16 under 18 år)	116 (+12 barn)	104	114	112

1.7 Økonomi

Me er rekordstort i minus, og i minus for andre året på rad. Dette er i hovudsak på grunn av kurshaldarkurset. Me fekk all støtte til gjennomføring utbetalt i 2024, men siste halvdel av kurset blei gjennomført i 2025. Vår største utgiftspost er honorar til instruktørar og musikarar. Me har gitt støtte til éin bondehyttatur og 3 kurs. Me vil oppfordre fleire av medlemmene våre å nytte moglegheita det kommande året. Dette er

¹ Medlemstalet er frå 10.02.2026 grunna mangel på medlemstal ved årsskifte

ein av budsjettpostane som ikkje blir brukt opp. Isleik vart prioritert, og ein gjeng frå ringen drog på eigenorganisert tur med støtte frå leikarringen. I haust arrangerte me leikfest. Rimeleg billettpris var ei prioritering. I tillegg hadde me ein del utgifter til mat og spelemannslag. Leikarringen valde difor å gå i underskot på arrangementet. Me deltok på heile tre kappleikar og held på tradisjonen med å dekke deltakaravgift.

Samtidig var det mange på øving som genererte mykje fotskatt. Sjølv om det er kjekt med inntekt, ynskjer me at fleire vel å bli medlemmar framfor drop-in. Det skal løne seg å vere medlem!

2.0 Dansegruppene

Me hadde stor aktivitet i Leikarringen i 2025. I tillegg til alle øvingane i dei ulike gruppene, skipa me til fleire store samankomster: sommaravsluttinga og juleavsluttinga i tillegg til Leikfest i November.

2.1 Endra øvingstider

I 2025 heldt me grunnkurs kvar onsdag, om våren i teatersalen og om hausten i lagsrommet. Me har samstundes kunna tilby eit nytt konsept parallelt med grunnkurs: Open sal.

Alle andre hadde same øvingstider som i 2024.

2.2 Tysdagsøvinga

Tysdagsøvingane hadde som i fjor godt oppmøte, der størstedelen av dansarane er i 20-30 åra.

Våren 2025 hadde me 19 vanlege øvingar og 1 øving til Landskappleiken. Talet på deltakarar på øvingane varierte frå 32 til 120.

Hausten 2025 hadde me 14 vanlege øvingar, i tillegg til første øvinga som var dansefest. Talet på deltakarar på øvingane varierte frå 33 til 62 .

Det er svært hyggeleg å sjå at så mange ynskjer å danse med oss. Me har arbeidd aktivt for å styrke samhaldet og bygge ein samlande kjerne blant medlemmane. Me håper å sjå resultatet av dette arbeidet i 2026.

Oversikt over tema, rettleiarar og musikarar i 2025:

Tema	Rettleiarar	Musikarar
Vi leker med reinlender	Signe Dorothea Gjessing	Åsmund Farstad

Halling	Ulf-Arne Johannessen	
Nina redder Masurkaen - igjen	Nina Losnedal	Øystein Krogstie
Følgerrollen og førerrollen	Signe Dorothea Gjessing	Synnøve Brøndbo Plassen
FOKUS: Hordaland	Amalie Kinsarvik Tvilde	
Gammelpols	Vegar Vårdal	Digital musikk
Runnom	Inga Myhr	Trygve Lihagen
Southern square and big circles	Hans-Hinrich Thedens	
Intro: Valdresspringar	Ingrid Fossum	Mattias Thedens
Vidare: Valdresspringar	Ingrid Fossum	Mattias Thedens
Sørfjordspringar	Jon Låte	Erling Berstad
Sørlandsspringar	Signe Dorothea Gjessing	Trine Melbye
Finnskogspols	Audun Grüner-Hegge	
Vegar gleder seg til 17. mai	Vegar Vårdal	Digital musikk
17.mai øving	Ingrid Skrindo og Oda Hernes	Marius Westling og Emil Horstad
17.mai øving	Ingrid Skrindo og Oda Hernes	Marius Westling og Emil Horstad
Vestlandsspringar	Torbjørn Bergwitz Lauen	Amalie Kinsarvik Tvilde
Rudl	Signe Dorothea Gjessing	Amalie Kinsarvik Tvilde
Dansefest		Øi!
Rørspols	Nina Losnedal	Mattias Thedens
Nordlandspols	Nina Losnedal	Tor Haukenes
Pols frå heile Noreg	Anbjørg og Audun Grüner- Hegge	Tuva Færder
Turdans	Nina Losnedal	Jonas Støre
Lønningspols		Flatlusa

Tango	Vegar Vårdal	Digital musikk
Finnskogspols før Oslokappleik	Audun Grüner-Hegge	
Intro: Hallingspringar	Vebjørn Fauske	Åsmund Fauske
Vidare: Hallingspringar	Vebjørn Fauske	Åsmund Fauske
Hvordan høre hva som spilles på dansefest	Signe Dorthea Gjessing	Sindre Tronrud
Polska	Erik Hiltunen	Emelie Waldken
Springleik	Vegar Vårdal	Digital musikk
Sønderhoning	Karl Emil Tølbøll	Ester Thunander
Gangar for dansegulvet og dansefest	Elise Thomassen	Saimi Kortelaini
Juleavslutning med turdans	Nina Losnedal	Digital musikk

2.3 BULder og Brak

I 2025 fortsette Bulder & Brak med øvingstid kl. 17.30–19.00 i teatersalen. Sikia Chi Masters Heien og Ånund M. Myhren fortsette som instruktører, og Eilif Hellum Noraker fungerte som vikar ved behov.

I Bulder & Brak er det laus/hallingdans som er hovudfokuset og fram til sommaren var det 10 deltakarar i ulik alder. I haust fekk vi tre nye deltakarar, og talet uka frå 10 til 13 deltakarar.

Spond har fungert godt for Bulder & Brak. Føresette har fått info om øvingane, relevante helgesamlingar, oppdrag og kappleikar. Dei føresette har også deltatt aktivt, med å stille spørsmål når dei lurte på noko. Morgenbladet kom innom i haust, og tok bilde. Alle føresette godkjente bruk av bilda, som kom på trykk i avisa.

Gjennom semesteret deltok Bulder & Brak på 17.mai og på sjokoladekappleiken under Oslokappleik. Under Oslokappleiken konkurrerte også to frå Bulder for første gong. Bulder & Brak deltok også på juleavsluttinga og framførte eit lite show.

2.4 Songdansgruppa

Songdansgruppa i Leikarringen har i 2025 hatt øving frå 18.00 til 19.30, dei tysdagane Leikarringen har hatt øving.

Hovudtyngda av songdansar har vore balladane, men det har og vore annan songdans. Strukturen på øvinga var framleis ei tredeling: Hovudfokus, Andre balladar og Småviser. Vi har og hatt skiparsirkeltrening, der alle får høvet til å starte ei vise.

Frammøtet har i snitt vore om lag 10. Hovudfokus i 2025 var "Falkvor Lommansson" fram mot stordanskvelden i 2026. Det var også to ekstra øvingar før stordanskvelden som hadde særst godt oppmøte. Vi øvde på balladen som sverddans og vi restituerte ei stordansutgåve med 35 vers, basert på ulike nedteikningar. Vi har og jobba ein del med skandering av visene vi jobbar med.

Songdansgruppa har 6 medlemmar som kan skipa ein eller fleire balladar.

Anne Cathrine Johansen og Gunnar Rogneflåten for songdansgruppa 3/2-26

2.5 Søndansen

SØNDANSEN hadde ni fine samkomer i 2025. Vi samlast om lag ein søndag i månaden og held på i tre timar. 23 dansarar har vore med på øvingane dette året og det møter om lag åtte par kvar gong. Spelemann for gruppa er Hans Petter Holen og rettleiar er Folke Flateland. Båe har gjort dette sidan SØNDANSEN tok til hausten 2000.

Vi dansar dansar som kontradans og balldansar frå det norske tilfanget; vi set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng og vi arbeider også med god dansestil. Vi nyttar tilfanget i frå Klara Semb så vel som det nye norske dansetilfanget som er rekonstruert og publisert dei seinare åra. Vi legg vekt på det sosiale med litt allsong og ein god prat til kaffien.

Kulturhistoriske innlegg i 2025:

- Kotiljongmerker og bruken av dei på ball
- Francis Bull sine ball kort frå barne- og ungdomsåra
- Wienerkomponist og godseigar Tollef N Mykleby

Programmet frå 2024 om Juleball i Gausdal prestegard i 1819, basert på eit manuskript av prestesonen Christian Thaulow som er publisert i boka Sang og Dans i det unge Norge, har vi ført fram på kulturkveld i Symra i januar 2025 og i Tunsberg leikarring i oktober 2025.

SØNDANSEN er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til SØNDANSEN i Lagsrommet i Rosenkrantzgate.

Asker, 21. januar 2026

Folke Flateland

2.6 Grunnkurs

Grunnkurset har halde fram frå i fjor, og nytt i år er at vi har dansa kvar veke. Målet er å gje plass til at nye dansarar får lære grunnleggande runddansar. Sidan vi har sett at mange nye dansarar kjem på tysdagsøvingane, ønskjer vi å gje dei ein eigen plass å danse, slik at vi framleis kan halde eit høgt nivå på tysdagsøvingane. Det var hovudsakeleg styremedlemmar som leia grunnkurset.

Om våren vart grunnkurset halde kl. 20:00–21:30, men etter sommaren blei grunnkurset flytta til kl. 19:30–21:00 og vart halde i Lagsrommet. Det har i snitt vore kring 15–20 dansarar per kveld, og mange av dei har gått frå å danse for første gong til å bli medlemmar i Leikarringen.

2.7 Open sal

I 2025 har me hatt tilbodet open sal på onsdager, for medlemmar. Alle kan tinge teatersalen i spond, på onsdagar frå 20.00-21.30. Det som skjer i salen blir lagt ut i spond, og alle som ynskjer å gjere det same, vil vere velkommen. Salen har vore meir og meir i bruk, med alt frå dans (kappleiksøving, turdans, bygdedans) til spel. Me ser på tilbodet som eit attraktivt og ynskja tilbod for medlemmane våre.

3. Samarbeid med andre

Det er hovudsakleg god stemning og samarbeid mellom dei ulike laga og aktørane i Oslo. Miljøet er i vekst, og dei er fleire som prøver seg på ulike tiltak og prosjekt, akkurat som oss i Leikarringen. I 2025 var me medarrangørar på DANS, DANS, DANS i januar og OsloP i september. Dette er festivalar/dansearrangement drive av Riksscenen, der alle dei eksisterande arrangementa og øvingane i Oslo blir “pakka” inn som eit større arrangement/festival.

4. Kven Veit?

Som tidlegare år deltok Leikarringen med liv og lyst i Kven Veit i 2025. Det er moro med eit slikt felles arrangement for alle særlaga. Leikarringen stilte med eitt lag i år, og me måtte diverre sjå oss slått av Teaterlaget og Songlaget i år igjen. Nytt av året er at me

ikkje låg like langt bak som tidlegare. Leikarringen kom på ein 16. plass nasjonalt med 64 poeng.

5. Oppdrag

I år hadde vi berre to oppdrag på vegner av leikarringen, for Asker internasjonale skole og UiO.

6. Arrangement

6.1 17. mai

I år som før blei 17.mai-tilskipingane til Leikarringen gjennomført til stor åtgåum. Nemnda bestod av Ragnhild Holen og Torbjørn B. Lauen. I tillegg var det mange gode frivillige som hjelpte til med einskilde oppgåver. Etter mange år som danseleiarar, fekk Solveig og Vegar avløyning, og Oda J. Hernes og Ingrid B. Skrindo gjorde ein framifrå jobb som danseleiarar og instruktørar på 17. mai-øvingane. I tillegg til dei vanlege 17. mai-øvingane blei det i år òg gjennomført fleire grunnkurs i «17. mai-dansane». Marius Westling og Emil Horstad spelte til øvingane og på Karl Johan. Opp Karl Johan var me 150 dansarar, 2 musikarar i hestevogn med kusk og ein 40-50 stk. i følgjet bak. Tradisjon tru blei det i år òg framsyning på Ensjøtunet. Takk til Signe-Marie Hernes Bjerke for god organisering. Marius Westling stilte opp som musikar. På Brusteinsballet var det i år Tone Ingvaldsen som tok seg av danseleiinga, medan Åsmund Reistad og Laffen spelte som før. Det var godt oppmøte på denne dansefesten, som truleg er den arenaen i Noreg kor flest folk får møte norsk folkedans for første gong!

6.2 Lønningspols

23. September skipa me til tradisjonsrik Lønningspols der Flatlusa spelemannslag spelte.

6.3 Leikfest

For første gong sidan Jubelleiken 2019 baud Leikarringen inn til tradisjonsrik Leikfest den 1. november. Østerdølenes spelmannslag stod for hovuddelen av musikken og spelte med god fart og stort sving til 130 danseglade deltakarar. Nina Losnedal leidde oss gjennom ein opningspolonese og turdans seinare på kvelden med musikk av Marte Haltli og Jonathan Jansson. Mellom turdansen og pardansen leidde songdansgruppa stordans. Dei beste kakebakarane i Leikarringen diska opp med stor kakebuffé i kaffipausen. Ei lita gruppe frå Philochoros i Uppsala, Sverige, kom på besøk og leidde oss gjennom Engelska (ril) for to par. Kvelden vart avrunda med ein spelstafett der medlemmar i Leikarringen spelte til dans i teatersalen medan nattmatpølse vart servert i lagsrommet.

7. Kappleikdeltaking

7.1 Landskappleiken

Lagdans senior

Leikarringen deltok med 54 dansarar fordelt på tre lag i lagdansen; lag Klara (Semb), Hulda (Garborg) og Turid (Mørk Øfstaas). Lag Klara fekk 77 poeng, lag Turid fekk 71 poeng og lag Hulda 63 poeng. Alle laga dansa polsdans frå Finnskogen. I tillegg deltok BULder og brak med halling, og fekk 2. plass med 91 poeng. Som vanleg var det fleire medlemmar som deltok med andre lag og grupper i lagdansen i tillegg til å danse med Leikarringen.

Andre eldre instrument, senior

- Liv Øgreid

Dans fele A

- Solveig Brekke Hauknes, *Ole Nilssen*
- Anbjørg Myhra Bergwitz, Audun Grüner-Hegge

Dans fele B

- Lynn Ossege, Ingrid Skrindo
- Hanne Kjøk, Hallvard Øfstaas
- Eivind Killie, Gjertrud Raftevold Rue
- Helen Engelstad Kvalem, Peder Myhr
- Hedda Hernes, Oda Hernes
- Ingrid Skrindo, *Tone Solerød Todok*

Dans hardingfele A

- Anbjørg Myhra Bergwitz, Torbjørn Bergwitz Lauen
- *Kjersti Aasen*, Svein Aasen

Dans hardingfele B

- *Sondre Haugen*, Gjertrud Raftevold Rue
- Ånund Meberg Myhren, Tilia Hernes Paasche-Aasen
- Vebjørn Jøtun Fauske, *Tone Solerød Todok*
- Helen Engelstad Kvalem, Hallvard Øfstaas

Durspel, senior

- Vebjørn Jøtun Fauske

Halling B

- Ånund Meberg Myhren
- Eilif Hellum Noraker
- Vebjørn Jøtun Fauske
- Brage Planke

Hardingfele C

- Fride Strand Pedersen

7.2 Oslokappleiken

Lagdans senior

I 2025 deltok Leikarringen med heile 3 lag i lagdansen. To lag dansa finnskogspols i god tradisjon. I tillegg stilte me med eit lag som dansa nordlandspols for fyrste gong. Laga som deltok med finnskogspols (lag Hulda og lag Turid) fekk høvesvis 65 og 57 poeng, medan lag Klara som deltok med Nordlandspols, fekk 60 poeng.

Også på Oslokappleiken deltok mange medlemmar i fleire klassar.

Dans fele, junior

- Tiki Hernes Paasche-Aasen, Tilia Hernes Paasche-Aasen
- *Marte Ingeborg Haltli*, Hedda Hernes

Dans fele, senior

- Signe Dorthea Krohn Gjessing, Torbjørn Bergwitz Lauen
- Celine Jensen, Vilma Eline Finvik Johnson
- Eivind Killie, Gjertrud Raftevoll Rue
- *Rolf J. Feragen*, Helen Engelstad Kvalem
- Oda Hernes, Ingrid Skrindo
- Susanne Boucher, Hallvard Øfstaas
- Filippa Taraldsen Bergman, Anna Imsen
- Synnøve Bryde, Elise Birgitte Haugsten Thomassen

Dans hardingfele, junior

- Hedda Hernes, *Gjermund Stræte Lie*

Dans hardingfele, senior

- *Sondre Haugen*, Gjertrud Raftevoll Rue
- Vebjørn Jøtun Fauske, *Tone Solerød Todok*
- Ånund Meberg Myhren, Tilia Hernes Paasche-Aasen
- *Hanna Seierstad Skrindo*, Ingrid Skrindo

Durspel og trekkspel, senior

- Vebjørn Jøtun Fauske

Halling, junior

- Tiki Hernes Paasche-Aasen
- Tio Hernes Paasche-Aasen
- Adrian Sivertsen Figenschou

Halling, senior

- Ånund Meberg Myhren
- Eilif Hellum Noraker
- Vebjørn Jøtun Fauske
- Brage Planke

Vokal folkemusikk, senior

- Aleksander Breiby Herseth
- Yasmin Ullestad

7.3 Distriktskappleiken

Lagdans senior

På distriktskappleiken deltok Leikarringen med eitt lag som tok 1. plassen med 71 poeng! Leikarringen hadde fleire medlemmar i andre klassar:

Dans fele, senior

- Helen Engelstad Kvaem, Hallvard Øfstaas
- Eivind Killie, Gjertrud Raftevoll Rue
- *Ingrid Løkken*, Einar Turtum
- Ånund Meberg Myhren, Sara-Elisabeth Smith-Ånesland

Durspel/ trekkspel, senior

- Vebjørn Jøtun Fauske

Eldre folkemusikkinstrument, senior

- Ånund Meberg Myhren

Halling, junior

- Adrian Sivertsen Figenschou

Halling, senior

- Vebjørn Jøtun Fauske

Spel fele, senior

- Henrik Kamphus

7.4 Vinterkappleiken

Lagdans senior

Eit knippe leikarringmedlemmar drog til Rauland på Vinterkappleiken, og deltok i lagdans. Laget kom på 2. plass. Leikarringen hadde også deltakarar i desse klassane:

Halling, senior

- Brage Planke

Pardans, senior

- *Sondre Haugen*, Gjertrud Raftevoll Rue
- Maissenç Pierre Bennour-Ferrari, Brage Planke

8. Kurshaldarkurs

I 2024 fekk Leikarringen i BUL 100 000 kr i støtte frå Akademifondet til framhjelp for norsk kulturreising for å gjennomføre eit større instruktørprosjekt som skal utvikle nye folkedansinstruktørar, med mål om å vidareføre prosjektet over tid. Åsne Mjelde Refsum fekk rolla som prosjektleiar og koordinator medan Vegar Vårdal har vore kreativ leier og mentor for deltakarane. På folkemunne har prosjektet fått namnet Kurshaldarkurs. Målsettinga med kurset har vore å utvikle nye danseinstruktørar og gi dei tryggleik, eigarskap og kunnskap slik at dei kan halde folkedanskurs med si eiga form for pedagogikk. Rolla til mentor har vore å rettleie, instruere og utvikle, og fokuset har vore på individ og deltakarane sine eigne behov for fagleg innhald. Kurset vart avslutta i 2025. Vedlagt innkallinga ligg rapporten skriven etter kurset.

9. Turar

Leikarringen har vore på to turar for å delta på kappleikar. Den første var Vinterkappleiken på Rauland, og i juni gjekk turen til landskappleiken i Eidfjord.

I tillegg til kappleikane reiste ein liten gjeng på 6 medlemmar frå Leikarringen til Island for å delta på ISLEK. ISLEK er ein del av Nordlek-organisasjonen sitt arrangement, og det er ein slags miniutgåve av dei større festivalane som blir kalla NORDLEK. Turen varte ei uke i midten av Juli. Der deltok me på eit par danseoppvisingar, og lærte dansar frå dei

andre nordiske landa. Fleire utfluktar blei det og, der me fekk sjå både Geysir, vulkan og varme kjelder.

10. Innkjøp og salg

Leikarringen har hatt ein kontrabass av noko ukjent opphav ståande. Den har lenge hatt behov for reparasjonar, noko styret ikkje har påkosta seg. Me valde derfor å selje instrumentet for ein symbolsk sum på 1000 kr, internt i ringen.

11. Melding frå Rådet

Rådet har etter årsmøtet i Leikarringen i 2025 hatt denne samansetjinga:

Valde i 2024: Audun Grüner-Hegge og Rune Hernes Bjerke

Valde i 2025: Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen og Folke Flateland

Rådet har hatt tre møte i perioden:

- 10. april 2025
- 27. mai 2025
- 20. januar 2026

Ved konstituering valde rådet Anbjørg Myhra Bergwitz som ordførar og Rune Hernes Bjerke som skrivar. Møtet i mai var eit fellesmøte med styret i Leikarringen, medan styreleiar Elise Haugsten Thomassen representerte styret i møta i april og januar.

Rådet har eit godt samarbeid med styret i Leikarringen, og meiner at rådet har ein funksjon som er til nytte også i tider utan særskilte utfordringar. Ei orientering frå styreleiar om stoda i Leikarringen er fast post på rådsmøta. Andre tema som har vore drøfta dette året har vore:

- Kva skal aktivitets-/øvingstilbodet i Leikarringen vere og kven skal aktivitetane vere til for
- Korleis kan styret nytte rådet
- 17. mai og leikfest
- Endring i lovverket – tal på styremedlemer
- Draumkvedet – dokumentere øvingsmetodikk

Bærum, 27. januar 2026

For Rådet i Leikarringen

Rune Hernes Bjerke (sign.)

12. Melding frå Bunadsnemnda

Årsmelding for Bunadnemnda i Leikarringen 2025

Nemnda har i meldingsåret vore: Åse Wethal Holen, Sigrid Kjøbli, Nina Losnedal og Anne Cathrine Johansen. Som vanleg har nemnda rettleia om bunadsbruk til 17. mai. Til 17. mai vart nesten alle bunadar Leikarringen eig lånt ut, pluss at nemnda formidla kontakt så nokre kunne låne av kvarandre.

På hausten hadde nemnda ein liten dugnad der vi flikka på bunadene våre. Vi fekk reparert ein del småting som hadde losna og rivna.

For Bunadnemnda

Anne Cathrine Johansen, 03.02.26

Vedlegg: Leikarringen sine bunadar

Herre

1. Sigdal-Eggedal jakke
2. Fana (Jakke, knebukse, begge vestar) Storleik: M/L (50-52)
3. Røros (Jakke, knebukse, vest) Storleik: S
4. Sunnmøre (Jakke, knebukse, vest) Storleik: ca M
5. «Fantasibunad» (Svart jakke, bukse, raud vest) Storleik: ca M
6. Hallingdal (Jakke, knebukse, lang bukse, vest) Storleik: XL/XXL
7. Gudbrandsdal (Knebukse, vest) Storleik: M/L
8. Vest-Telemark (Jakke, lang bukse, vest) Storleik: S/M
9. Vest-Telemark (Jakke) Storleik: S
10. Hardanger (Jakke, knebukse, manglar vest) Storleik: 48/50

Dame

1. Fåberg blå (Stakk, jakke) Storleik: S/M
2. Rondastakk og rutaliv (Stakk, 2 forklær) Storleik: 40/42

3. Jordet blå med damaskliv (Stakk, lue, lauslomme) Storleik: M (Gudbrandsdal)
4. Jordet svart (Stakk, jakke, lue, lauslomme) Storleik: XS/S (Gudbrandsdal)
5. Sunnmøre (Stakk, forkle, skaut med bånd) Storleik: S

Anna

- 2 svarte kapper med vove band
- 1 snippkjole
- Drakter til Draumkvedet
- Diverse skjorter til dame og herre
- Nokre par hoseband
- Nokre par ullstrømper
- Enkelt sylv (halsringar, mansjettknappar)
- Bøker om bunad, bunadbruk og bunadsaum. M.a. Norsk bunadleksikon

Sak 2: Årsmelding for 2025

1. Tillitsvalde i 2025

1.1 Styre

Etter årsmøtet i Teaterlaget i 2025 satt desse i styret:

Leiar:	Endre Flatmo
Styremedlem:	Lena Reksnes Sanne
Styremedlem:	Silje Dahl
Styremedlem:	Heidi G. Einarsrud
Styremedlem:	Håvard Thorsby
Varamedlem:	Eileen Røsholt
Varamedlem:	Amalie Dalaker

1.2 Valnemnd

Margrethe Kollerud Overskott, Vivian Brattsti Sørensen og Kjell Åsmund Sunde satt i valnemnda fram til årsmøtet i 2026.

1.3 Styrearbeid

Styret har hatt regelmessige møte i 2025, i tillegg til elektronisk kontakt. Styrearbeidet har stort sett vore knytt til dei pågåande og kommande produksjonane, i tillegg til økonomisk og generell drift av Teaterlaget. Ein anna viktig del av arbeidet har vore å vere eit kommunikasjonsledd mellom instruktør og resten av Teaterlaget, og mellom lagskontoret og Teaterlaget.

2. Teaterlaget

2.1 Teaterlaget sin visjon

Teaterlaget skal vere eit leiande, nynorskspråkleg amatørteaterlag i Oslo som er opent for alle, uavhengig av bakgrunn og erfaring.

2.2 Medlemstal og medlemskap

På slutten av 2025 hadde Teaterlaget 24 betalande medlemmar. Medlemstalet har vore stabilt dei siste åra.

Medlemsutviklinga dei siste ti åra:

År	Medlemstal
2016	27
2017	22
2018	22
2019	24
2020	25
2021	23
2022	24
2023	24
2024	24
2025	24

2.3 Publikumstal

År	Framsyning	Publikumstal	To sett
2016.1	Kuler i solnedgang	181	
2016.2	Charlie og sjokoladefabrikken	269	
2017.1	Hollowmysteriet	268	X
2017.2	Må	81	
2018.1	Skatten på sjørøverøya	133	
2018.2	Det går i familien	197	X
2019.1	Jorda rundt på 80 dagar	148	
2019.2	Ei julesoge	195	
2021.1	Blood on Ice	193	X
2022.1	Lady Windermere's vifte	144	X
2022.2	Tante Pose	111	
2023.1	Så var det ingen fleire	207	X
2023.2	Samson & Roberto	142	
2024.1	Rett i lomma	235	X
2024.2	Rasjonelt fjøsstell	155	
2025.1	Fornuft og følelsar	154	
2025.2	Storhammer	215	X

2.3 Økonomi

Økonomien er i hovudsak knytt til Teaterlaget sine to årlege produksjonar. Produksjonane og den generelle drifta av Teaterlaget er finansiert av særlagsstønad frå Bondeungdomslaget i Oslo, medlemspengar, billettinntekter og ekstern stønad.

Økonomien i laget er god. Stønad frå Kulturdirektoratet si tilskotsordning for amatørteater har vore viktig dei siste åra.

Rekneskapen for 2025 viser eit overskot på omlag 30.000,-. Dette skyldast i hovudsak billettsalet på haustframsyninga samt noko høgare kursinntekter og særlagsstønad enn budsjettert.

Budsjettet for 2026 er lagt opp til å gå 50.000,- i minus. Dette gjerast for å mogleggjere honorering av teknisk personale, innleie av mikrofonar og lydutstyr til vårproduksjonen som er ein musikal. Desse midla må tas frå eigenkapitalen. Med ein solid eigenkapital er ikkje dette noko som medfører ein akutt risiko for laget, men må vere eit unntak og ikkje bli ein vane.

Det økonomiske målet for produksjonane skal vere å gå i balanse. Eventuelt overskot eller underskot blir overført/dekt av eigenkapitalen.

3. Aktivitet i 2025

Teaterlaget sin aktivitet i 2025 bestod av to produksjonar og det sceniske og praktiske arbeidet rundt desse.

3.1. Fornuft og følelsar

Regi: Pia Louise Edvardsen
 Manus: Kate Hamill
 Premiere: 07.06
 Framsyningar: 08.06, 09.06, 11.06 og 13.06.
 Omsetting til nynorsk: Håvard Thorsby og Terje Svindseth
 Lys og lyd: Jøran Normann og Pia Louise Edvardsen
 Tal på besøkande: 154

Denne tolkinga av Jane Austin si klassiske historie av Kate Hamill er fylt av humor og eksentriske karakterar, men mistar aldri brodden frå Austin si originaltekst.

Når faren døyr mister søstrene Dashwood både formuen og heimen. Som kvinner er ekteskap deira einaste moglegheit for eit økonomisk stabilt liv, men kva med kjærleiken? Vi møter den fornuftige Elinor og den lidskaplege og romantiske Marianne i jakta på kjærleik og trygghet i England på slutten av 1700-talet.

Dette er fyrste gongen Hamill sin versjon av klassikaren blei spelt i Noreg.

Framsyninga fekk mykje positiv omtale frå publikum, ikkje minst for den originale bruken av sceneromme som var innreda som ein tesalong kor publikum satt på runde bord og fekk servert "afternoon tea." Framsyninga inkluderte også dans og korsong.

Skodespelarar:

Elinor Dashwood: Camilla Hole
Marianne Dashwood: Sunniva Vikøren
Margaret Dashwood: Margrethe Kollerud Overskott
Fru Dashwood: Vivian Brattsti Sørensen
John Dashwood: Håvard Thorsby
Edward Ferrars: Fredrik Elfstrand
Fanny (Ferrars) Dashwood: Eileen Røsholt
Oberst Brandon: Emil Stenstad
John Willoughby: Kjell Åsmund Sunde
Sir John Middleton: Henri Aasen
Fru Jennings: Amalie Dalaker
Lady Middleton: Anne Cathrine Johansen
Lucy Steele: Lena Reksnes Sanne
Anne Steele: Heidi G. Einarsrud
Robert Ferrars: Endre Flatmo
Thomas: Terje Svindseth
Doktoren: Ammar Banewais
Fru Ferrars: Anne Cathrine Johansen

Sladrekoret: Heidi G. Einarsrud, Marie Nicolaisen, Lena Reksnes Sanne, Endre Flatmo, Anne Cathrine Johansen.

3.2 Storhammer

Regi: Aila Eckhoff Sinober
Av: Aila Eckhoff Sinober
Omsetting til nynorsk: Kjell Åsmund Sunde
Premiere: 06.12 (x2)
Framsyingar: 01.12, 02.12, 03.12, 04.12 og 05.12.
Lys og lyd: Jøran Normann og Håvard Thorsby
Tal på besøkande: 215

Året er 1949. Staden er Lillehammer Hotell. Det er snart jul og den vesle norske innlandsbyen skal nyttast som location i ein stor Hollywood-produksjon. I Storhammer møter du eit variert galleri av gjestar og tilsette på hotellet. Alle har noko å skjule, dei er berre ikkje så flinke til det.

Framsyninga hausten 2025 blei regissert av tidlegare medlem i Teaterlaget, Aila Eckhoff Sinber, som også har skrive manuset.

Det blei laga og spelt inn fleire radiosendingar som blei brukt i sceneskift og i åpninga.

Framsyninga blei spelt av to sett.

Skodespelarar:

Gruppe 1:

Mona Hauge: Marte Sonni Guldvog
Børre Hansen: Håvard Thorsby
Laila Hoffman: Amalie Dalaker
Fredrik Larsen: Kjell Åsmund Sunde
Morten Voldbakken: Håvard Thorsby
Marna Austrlheim: Anne Cathrine Johansen
Tanja Holmes: Heidi G. Einarsrud
Benny Mildew: Emil Stenstad
Ronnie Stienwein: Henri Aasen
Kari Haugrud: Marie Nicolaisen

Gruppe 2:

Mona Hauge: Marte Sonni Guldvog
Børre Hansen: Fredrik Elfstrand
Laila Hoffman: Silje Dahl
Fredrik Larsen: Endre Flatmo
Morten Voldbakken: Ammar Banewais
Marna Austrlheim: Anne Cathrine Johansen
Tanja Holmes: Sunniva Vikøren
Benny Mildew: Terje Svindseth
Ronnie Stienwein: Henri Aasen
Kari Haugrud: Camilla Hole

3.3 Annan aktivitet

- Teaterlaget gjennomførte årsmøte 24. mars
- Teaterlaget deltok i Noregs Ungdomslag si kunnskapstevling «Kven veit?»
- Fleire medlemmar vitja Edinburgh Fringe Festival i august
- Medlem i Teaterlaget, Terje Svindseth, blei utnemnt til heidersmedlem på årsmøte til BUL Oslo. Teaterlaget deltok på heidersmedlem-markeringa 27. oktober med tale og innslag.

4. Representasjonar og andre verv

4.1 Representasjonar

26. mars, Årsmøte i BUL Oslo: Anne Cathrine Johansen, Terje Svindseth, Endre Flatmo, Silje Dahl, Håvard Thorsby, Marie Nicolaisen, Vivian Brattsti Sørensen og Maria Austbø.

25.-27. april, Landsmøtet i Noregs Ungdomslag: Anne Cathrine Johansen og Vivian Brattsti Sørensen.

26. april, Årsmøte i Det Norske Teatret: Endre Flatmo (røystande utsending), Silje Dahl, Håvard Thorsby og Margrethe Kollerud Overskott deltok som utsendingar for Teaterlaget. Vivian Brattsti Sørensen og Terje Svindseth deltok som utsendingar for hovedlaget.

29. april, Generalforsamlinga i Dag og Tid: Terje Svindseth

4.2 Andre verv

- Anne Cathrine Johansen: Nestleiar i BUL Oslo, medlem av bunadnemnda, styremedlem i bondehytta, rådsleiar i Norsk Barneblad og 3. vara til styret i Noregs Ungdomslag.
- Marie Nicolaisen: Medlem av målnemnda, valnemnda i BUL Oslo, målpolitisk råd på Det Norske Teatret, 3. vara til styret i Noregs Ungdomslag og vara til Rådet, BUL Oslo (til juli 2026).
- Terje Svindseth: Styremedlem i Noregs Ungdomslag og medlem av Rådet, BUL Oslo.
- Håvard Thorsby: Valnemnda i BUL Oslo
- Kjell Åsmund Sunde: Styremedlem i Norsk Barneblad
- Vivian Brattsti Sørensen: Medlem av Rådet, BUL Oslo
- Mari Elise Haugen: Varamedlem til styret i Norsk Barneblad.

5. Takk

Teaterlaget ønsker å takke for eit godt samarbeid med Lagskontoret, og for all god hjelp. Takk til Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Kulturdirektoratet og BUL Oslo for stønad til aktiviteten i 2025.

**ÅRSMELDING FOR
SONGLAGET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
2025**



Medlemstal

Det var 60 aktive medlemmer per 31.12.25, medrekna 9 songarar på prøvetid.

- 9 bassar
- 22 sopranar
- 19 altar
- 10 tenorar

Prosjektsongar for hausten: Asbjørn Gjerde Lund.

Det er éin heiderslagsmedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, Nils Norman Iversen, og éin livsvarig heidersmedlem i Songlaget, Vera Madsø. Kerstin Hellberg er registrert som honnørmedlem, men ikkje aktiv songar.

Dirigent

Knut Kristian Mohn var fast dirigent for koret i heile meldingsåret. Koristane og styret er svært nøgde med at den musikalske utviklinga for koret held fram under leiinga hans, også i meldingsåret.

Musikalsk utvikling

Koret utviklar seg stadig musikalsk. Vi håper å kunne fortsette med dette gode utviklingsarbeidet med god songteknikk og lytting. Vi vil også fokusere meir på notelære og harmonikk, med utgangspunkt i nivået og erfaringa til kvar enkelt songar.

Vi jobbar med å finne ein god balanse på repertoaret, både hva gjelder bredde, men også kunstnerisk nivå.

Styret

Årsmøte 6. mars 2025 valde dette styret:

- Leiar: Karianne Johansen, attval for eit år
- Nestleiar: Ole Johan Hildre, ikkje på val
- Kasserar: Sara-Elisabeth Smith-Ånesland, attval for to år
- Skrivar: Mildrid Isungset, nytt styremedlem for to år
- Styremedlem: Synnøve Berstad Bjørkelo, ikkje på val
- Varamedlem: Guro Smedhaug Berge, attval for eit år
- Varamedlem: Amanda Aaserød, ny for eit år
- Varamedlem: Kristina Sundnes, ny for eit år

Styret konstituerte seg på fyrste styremøte, 20.mars 2025.

Det har vore 9 vanlege styremøte i meldingsåret. I tillegg til kommunikasjon på messenger/e-post mellom møta.

Generelt styrearbeid

2025 var eit godt år med normal/moderat aktivitet for koret. Dette har vore ein bevisst strategi frå styret si side, etter to år med høgare aktivitet. Både styret og koret hadde behov for å sette ned tempoet i 2025.

Styret samarbeidde godt i heile meldingsåret, med ein ein open og fri dialog. Den gode og positive stemninga i koret har halde fram også i meldingsåret. Vi fekk færre nye medlemmer i 2025 enn dei føregåande åra etter pandemien. Då det har kome mange unge vaksne inn i koret dei siste åra, så blir det naturleg ein høgare turnover. Men nye songarar kjem til, så medlemstalet i koret er stabilt høgt.

Koret har fleire faste nemnder, som blir valde av årsmøtet kvart år. Alle nemndene har fungert godt i meldingsåret. Sjå eigne årsmeldingar for nemndene i 2025.

Koret skal reise til Athen sumaren 2026. Vi har derfor oppretta ei turnemnd med desse medlemmane: Angeliki Zisi, Anna Tori Aas Bjerkestrand, Heidi Berg og Ole Johan Hildre frå styret. Dei har, og gjer, ein stor jobb med å planlegge og få gjennomført denne turen, og vi er om lag 45 koristar som reiser. Endeleg skal Songlaget ut i verda igjen!

Ulrikke-prosjektet er ei anna oppgåve styret har jobba med. Prosjektet går ut på å finne (ny) norsk lyrikk, som vi vidare får tonesett og arrangert for oss. Nemnda har bestått av Amanda Aaserød, Guro

Smedshaug Berge og Audun Åby. Arbeidet med prosjektet er tidkrevjande, men nemnda er godt i gang, og håper vi har det meste klart i løpet av 2026.

Økonomien til koret er jamt god. Billettsalet til konsertane våre har auka dei siste åra. Denne trenden stoppa på ingen måte opp i 2025. Både sumar- og julekonserten vår hadde publikumsrekord! Julekonserten blei til alt overmål utseld! Det trur vi er fyrste gong i koret si nyare (siste 40 årene) historie. Overskotet frå konsertane våre hjelper til med å få eit godt resultat for 2025. Det som koret må jobbe vidare, og betre med, er oppmøte på øvingane. Det har betydning kor mykje vi får utbetalt i Voksenopplæringsmidler. Dette har, til tross for aukande medlemstal, godt gradvis nedover dei siste åra.

Vi takkar for god hjelp og dialog frå Kari, Marie (vikar dagleg leiar frå hausten), Maria og Jøran på Lagskontoret gjennom heile året.

Ymse ombod og nemnder

Stemmeførarar

Sopran: Heidi Berg og Guro Smedshaug Berge

Alt: Åsta Bjerkestrand og Nina Haug-Johansen

Tenor: Elias Slettevoll og Sebastian Taylor

Bass: Michael Olsen og Øyvind Bergh

Blestnemnda: Angeliki Zisi, Torgeir Solstad og Trond Haugmark

Programnemnda: Michael Olsen, Anne Marte Grøholt og Kikki Aardalsbakke

Målnemnda: Olav-Johan Øye

Noteforvaltar: Anna Tori Aas Bjerkestrand og Åsta Bjerkestrand

Festnemnda: Sigvart Eggen, Ole Drægri, Vilde Elise Forfang og Marthe Bjella.

Kaffinemnda: Elias Slettevoll og Gøril Aasen Slinde.

Ryddemnda: Alle bidreg i ryddinga. Bård Winther og Audun Åby har for det meste teke ansvar for å rydde fram flygelet før/etter øvinga, og stolar før øving i meldingsåret.

Valnemnda: Ragna Betten, Angeliki Zisi og Marit Buset

Medlemsmøte

Songlaget hadde eitt medlemsmøte i 2025:

9.oktober 2025

Aktivitet

Seminar

15.-16. mars 2025: Vårseminar i Nynorskens hus

11.-12. oktober 2025: Haustseminar i Nynorskens hus

Konsertar og oppdrag

14. mars 2025 – Songoppdrag i gravferd - Østre Aker Kirke

26. April 2025 - Dugnad Sentrumsløpet

4. mai 2025 - Dugnad på Nedre Blindern Gård

17. mai 2025 – Brusteinsballet – Universitetsplassen

12.juni 2025 – Konsert - Diakonveien Omsorg+

15. juni 2025 – Sommarkonsert «*Sommarkveld over fjell og sti*» - Nynorskens hus

26. oktober 2025 – Markering heiderslagsmedlem – Kaffistova

27.november 2025 – Konsert - Diakonveien Omsorg+

4. desember 2025 – Julekonsert «Heim til jol» – Sagene kyrkje

Bilete frå året



24. April 2025 - Styret ved Ole Johan, Sara-Elisabeth, Synnøve, Mildrid, Guro, Amanda A og Karianne
Foto: Angeliki Zisi



26. april 2025 – Gjengen som var på dugnad under Sentrumsløpet. Foto: Eit snilt BUL-medlem



Mange i koret var på dugnad hjå Nils 4.mai. Det var veldig koseleg og vi jobba på! Foto: Vetle Røsten Granås



17. mai 2025 – Brusteinsballet på Universitetsplassen med gjestedirigent Jonas Skjeflo Foto: Kulturfotografen AS




Plakaten til sommarkonserten, laga av Angeliki Zisi (Blestnemnda)



15. juni 2025 – Sommarkonserten Sommarkveld over fjell og sti - Nynorskens hus



27. november 2025 - Tradisjon tru hadde vi generalprøve på Diakonveien omsorg + i forkant av julekonserten Foto: Diakonveien omsorg+ og Synnøve Berstad Bjørkelo



Plakat til julekonserten, laga av Angeliki Zisi (Blestnemnda)



4. desember 2025 – Julekonsert «Heim til jol» – Sagene kyrkje Foto: Even Å. Smedshaug

Generelt om arbeidet i nemndene

Programnemnda

Frå årsmøte 2025 har medlemmar i programnemnda vore; ein sopran, ein alt og ein bass.

Repertoaret for sommarkonserten 2025 var ei blanding av nytt og gammalt stoff. Fokuset var på norsk bondekultur og norsk natur.

Nemnda møttest i juni for idémyldring til julekonserten 2025. Nemnda kom tidleg fram til «heim» som raud tråd for konserten. Eit ynskje om at repertoaret skulle gjenspegle det nære og kjære ved jula, med eit spesielt fokus på det å komme heim til jul men og i tydinga å føle seg heime. Så songane vi fann var meint å spegle denne stemninga og tematikken. Vi brukte songar som allereie var komne som forslag frå medlemmane i Songlaget, og la til nytt og nokre kjende frå tidlegare konsertar. Sende lista til dirigent og frå det hadde vi dialog om endeleg repertoar.

Dette å ha ei ramme for songane vi syng til ein konsert, har nemnda trua på og til framtidige konsertar. Og, slik vi ser det, kan dette og vere til nytte for Blestnemnda som skal finne uttrykket konserten skal ha.

Dette er ikkje tankar som er lagt fram for verken Blestnemnda eller styret i Songlaget.

Det vart ikkje halde noko møte i programnemnda hausten 2025.

Noteforvaltar

Våren 2025 vart det bestilt følgjande noter frå Musikkforlaget:

- Anne Knudsdatter (CG-4535)
 - W. O. Peterson-Berger
- Døl'n (N.M.O. 6648E)
 - tekst J. Sande, arr T. Kragset
- Augustkveld (N.M.O. 12985)
 - Tekst J. Sande, arr T. Kragset

Hausten 2025 vart det bestilt følgjande noter frå Notebutikken:

- Mitt hjerte alltid vanker (MH3586)
 - Trad., arr. Ø. Matre
- Selmas sang (MH3700)
 - E. Weel Skram, arr. T. Kragset
- Jolevise (MHD3862)
 - O. Nordstoga, arr. H. Gravdal

Vi har starta arbeidet med å få ei digital oversikt over alle notane i det fysiske arkivet, dette arbeidet må vidareførast i 2026.

Målnemnda

Målnemnda i Songlaget har gitt råd om målbruk tekster som laget har nytta seg av, det gjeld både songtekster og tekster nytta til informasjon. Nemnda kan gjerne nyttast i slike høve

For nemnda

Olav-Johan Øye

Blestnemnda

Blestnemnda vil gjerne seie litt om arbeidet som er gjort det siste året. Også i år har nemnda vore aktiv på både Instagram og Facebook, slik me har for vane. Den ordinære heimesida vår vert oppdatert av BUL, då me opplever ho som noko krevjande å navigere i. Difor har Blestnemnda hatt avgrensa aktivitet på denne plattformen det siste året. Samstundes ser me verdien av å ha ei offisiell heimeside, og me opplever alltid kontoret i BUL som hjelpsame og imøtekomande når me ber om råd og rettleiing.

Når det gjeld promotering utanfor teatersalen, ligg ansvaret også her hos BUL-kontoret. Dei er til stor hjelp på dette området òg, sjølv om det tidvis kan ta litt tid å få gjennomført tiltaka. Ei av årsakene er at fleire av sàrlaga nyttar dei same skjermane.

Nemnda har i år arbeidd etter gode og tydelege framdriftsplanar i forkant av arrangementa våre. Dette har vore eit nyttig verktøy, både for å fordele oppgåver og for å halde trykket oppe gjennom heile perioden, samt sikre at me følgjer opp det me har blitt samde om. Me vil igjen rette ei stor takk til alle medlemmar som deler postar og bidreg til synleggjing i sosiale medium.

Også i år har Blestnemnda hatt ansvar for utforminga av Songlaget sine konsertplakatar. Kombinasjonen av ein tiltalande plakat og målretta blesting bidrog til at julekonserten vår – truleg for fyrste gong – vart utseld i Sagene kyrkje. Dette vitnar om at både koret og marknadsføringa har bygd opp eit godt omdømme. Det er svært gledeleg å sjå at stadig fleire finn vegen til arrangementa våre.

På vegner av Blestnemnda

Torgeir Solstad

Festnemnda

Festnemnda arrangerte årsfest 19. september heime på garden hos Nils, der 30 frå koret var påmelde. Vi har og arrangert sosiale treff etter konsertane og øvingshelga vår både i vår og i haust. Det har vore godt oppmøte på treffa våre.

Valnemnda

I valnemnda sat Mari Lundevall, Kikki Aardalsbakke og Ragna Betten

Valnemnda arbeidde fram mot årsmøtet, og la fram forslag til kandidatar til styret og alle nemnder.

Repertoar våren 2025

Tittel	Komponist/arrangør	Tekstforfatter
Sommarpsalm	Waldemar Åhlén	Carl David af Wirsén
I fyrreskoven	Wilhelm Peterson-Berger	Helena Nyblom
På fjeldesti	Wilhelm Peterson-Berger	Bjørnstjerne Bjørnson
Augustkveld	Tove Kragset	Jakob Sande
Den fyrste song	Lars Søråas	Per Sivle
Gjendines bådnåt	Gunnar Eriksson	Per Mathisson Offvid
Døl'n	Eyvind Alnæs	Folkeviser
Anne Knutsdotter	Wilhelm Peterson-Berger	Claus Pavels Riis
Vårsøg	Henning Sommerro	Hans Hyldbakk
Våren	Edvard Grieg	Aasmund O. Vinje
Lørdagskvell	Thomas Beck	Folkeviser
Påls fuge	Sigvald Tveit	Sigvald Tveit
Kveldssalme	Henning Sommerro	Edvard Hoem

Repertoar hausten 2025

Tittel	Komponist/arrangør	Tekstforfatter
Det hev ei rose sprunge	Trad.	Friedrich Layriz (omsetjar Peter Hognestad)
Jolevise	Odd Nordstoga, arr. Håvard Gravdal	Odd Nordstoga
Kling no klokka	Trad.	Elias Blix
Giv mig ei glans	Jean Sibelius	Zacharias Topelius
Mitt hjerte alltid vanker	Trad.	Ørjan Matre
Koppången	Per-Erik Moræus, arr. Robert Sund	Py Bäckman
Selmas song	Eva Weel Skram, Thomas Stenersen, arr. Tove Kragset	Synne Teksum
This Little Babe	Benjamin Britten	Robert Southwell
Folkefrelsar	Trad., harm. Knut Ree	Aurelius Ambrosius (omsetjar Bernt Støylen)
The Snow	Edgar Elgar	Caroline Alice Elgar
Cantique de Jean Racine	Gabriel Fauré	Jean Racine
Eit barn er fødd i Betlehem	Trad., arr. Ørjan Matre	Nikolai F. S. Grundtvig (omsetjar Bernt Støylen)
Nordnorsk julesalme	Trygve Hoff, arr. Bjørn Drage	Trygve Hoff
Fager er jordi	Trad.	Bernhard S. Ingemann (omsetjar: Gunnar T. Rysstad)

Utdeling av årsmerke og årsmarkering – 2025

Eitt-årsmerke – Songlaget

Rannveig Winsnes Nordhagen

Anne Sofie Nagelhus

Ingebjørg Flyum Bjørlo

Gøril Aasen Slinde

Amanda Aaserød

Oslo,

Karianne Johansen Ole Johan Hildre Synnøve Berstad Bjørkelo Mildrid Isungset

Sara-Elisabeth Smith-Ånesland

Kristina Sundnes Amanda Aaserød Guro Smedshaug

Årsmelding 2025 for Idrottslaget i BUL

Styret:

Leiar:	Marius Frøvig Schneider
Nestleiar:	Hilde Abelvik Osnes
Medlem:	Angelica Okparaebo
Medlem:	Brita Nummedal
Medlem:	Thomas Patey
1. varamedlem:	Kenneth Baranyi Eriksen
2. varamedlem:	Geir Sigmund Vaage

Representasjon:

European Athletics: Styret: Anne Farseth (medlem).

Norges Friidrettsforbund: Styret: Anne Farseth (medlem i kraft av å vere styremedlem i EA).

Bislettalliansen: Styret: Håvard Hasås (medlem), Anne Farseth (medlem).

Oslo Friidrettskrets: Hilde Osnes (Nestleiar).

Administrasjonen:

Idrottslaget har, saman med administrasjonen i Bondeungdomslaget i Oslo, kontor i Rosenkrantz' Gate 8. Magnus Kringstad har vore sportsleg leiar i 50 prosent stilling fram til og med mars, og i 100 prosent stilling frå og med april. Simen Wifstad har vore administrasjons og arrangementsansvarleg og Eirik Tanberg har vore Dagleg Leiar. Frå tidleg mai til midten av September, var Simen fungerande dagleg leiar mens Eirik var i foreldrepermisjon.

Ved utgangen av 2025 utgjer administrasjonen i Idrottslaget 3 årsverk.

Økonomi:

Idrottslaget hadde i 2025 ei omsetning på 13 669 770 kroner og eit overskot på 1 574 244 kroner.

Budsjettet viste eit overskot på 800 000 kroner.

Rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Medlemsutvikling

IL i BUL hadde totalt 517 betalande medlemmer i 2025, ein nedgang frå 524 i 2024.

Ventelistene har gått ned frå omlag 65 barn under 15 år ved årsskiftet 2024/2025, til omlag 25 barn ved årsskiftet 2025/2026. Det er no ganske korte ventelister. Dette kjem av primært eit meir effektivt inntak, og oppfølging av kapasitet i grupper. Det er ikkje noko som tyder på at mengd som i utgangspunktet set seg på venteliste har gått ned.

Strategi

IL i BUL har gjennom mange år lagd ned ein stor innsats for å utvikla yngre utøvdarar frå eigen klubb. I 2025 vart det oppretta eigne konkurransegrupper for alderssegmentet 11-14 år. Formålet var å styrkja tilbodet til dei som ønskjer å trenast målretta mot konkurransar. I seniorgruppene er det mest aktivitet innanfor sprint og mellom-/langdistanse for menn. Målet dei neste åra er meir allsidig aktivitet, og ein auka kjønnsbalanse.

IL i BUL arbeider vidare for å styrkja Sentrumsløpet som arrangement og inntektskjelde. Samtidig vil klubben halde andre arrangement som mellom anna friidrettsskula på Bislett stadion, Julestemne i Bærum Idrettspark, barnestemna på Bislett stadion og jamlege meisterskap på bane.

På grunn av mangel på data har det eine hovudmålet i den sportslege planen vorte endra:

- Tidlegare mål: IL i BUL skal vere blant dei 3 klubbane med flest poeng på meisterskapstabellane for UM, Junior NM og NM (utandørs på bane).
- Nytt mål: IL i BUL skal stilla med så mange deltakarar og ta så mange medaljar som mogleg i både UM, Jr NM og NM (utandørs på bane).

Det andre hovudmålet står som før:

- IL i BUL skal vere blant dei 3 klubbane med flest registrerte resultat i NFIFs resultatstatistikk.

I 2025 vart klubben nummer 9 (739 resultat) innandørs og nummer 5 (1339 resultat) utandørs på NFIFs resultatstatistikk. 2078 resultat totale.

I 2024 vart klubben nummer 9 (585 resultat) innandørs og nummer 7 (1457 resultat) utandørs på NFIFs resultatstatistikk. 2042 resultat totale.

Arrangement:

ASICS Sentrumsløpet

Laurdag 26. april arrangerte Idrottslaget Sentrumsløpet med til saman 16 969 påmelde deltakarar. 10 KM vart utseldt i god tid før løpet. Det vart endå ein gong ny Sentrumsløps-rekord for Idrottslaget i BUL. Løpebølgjen avtek ikkje og laget arbeidar for vidare vekst i 2026.

NM inne

SK Vidar, IL i BUL, IK Tjalve og Oslo Friidrettskrets arrangerte NM inne i Bærum Idrettspark 21.- 23. februar.

Bislettleikane:

SK Vidar og IL i BUL arrangerte Bislettleikane for 6-12-åringar på Bislett Stadion 21. mai.

Barnas Bislettdag:

Bislettalliansen arrangerte Barnas Bislettdag 15. juni. Idrottslaget bidrog med 16 timar dugnad til arrangementet.

Bislett Games dag 1:

Onsdag 11. juni arrangerte Bislettalliansen Bislett Games dag 1. Klubben bidrog med 17,5 timar dugnad til arrangementet.

Bislett Games:

Torsdag 12. Juni arrangerte Bislettalliansen Bislett Games. Idrottslaget bidrog med 150 timar dugnad til arrangementet.

IL i BULs friidrettsskule:

Klubben arrangerte friidrettsskule for barn på Bislett Stadion i veke 26, 27 og 32 med 179 deltakrar, ein markant auke frå 2024.

Jentemila

6. september arrangerte Bislettalliansen Jentemila på Bislett Stadion. Klubben bidrog med 159 timar dugnad til arrangementet.

KM hopp utan tilløp:

25. oktober arrangerte Idrottslaget KM i hopp utan tilløp i Teatersalen til BUL.

Julestemne

29. november arrangerte klubben det årlege Julestemnet i Bærum Idrettspark med god deltaking.

Gruppeaktivitet 2025

Sportsleg utval:

Styret i klubben har utnemnt eit sportsleg utval som er ansvarleg for det sportslege arbeidet i klubben. Ein stor del av arbeidet er knytt til disponeringa av dei sportslege budsjetta som blir bestemte på hausten. Her arbeider klubben for å sikra rettferdig fordeling av pengar mellom dei ulike utøvderna. Utvalet diskuterer både budsjett og inntekter gjennom året for å kunna ta best moglege avgjerder.

Medlemmer i Sportsleg utval i 2025:

Edel Halle, Eirik Tanberg, Magnus Kringstad, Simen Wifstad og Svein Erik Strand Tønnesen.

Friidrett:

UM innandørs, Ulsteinvik, 31. jan-2. feb.

- 6 gull
- 6 sølv
- 3 bronse

NM innandørs, Bærum, 21-23. feb.

- 6 gull
- 2 sølv
- 1 bronse

UM Terreng kort løype, Oslo, 5-6. apr

- 1 gull
- 1 sølv

Holmenkollstafetten

- Herrelaget kom på 6. plass i eliteklassen. Kvinnelaget kom på 9. plass i eliteklassen.

NM friidrett, Askøy, 1-3. aug

- 2 gull
 - Ida-Louise Øverland i lengde, KS para

- Kasper Sagen i spyd, MS
- 1 sølv
 - Per Tinius Fremstad-Waldron på 100m, MS
- 1 bronse
 - Andrea Modin Engesæth på 3000m hinder, MS

U20 EM 7-10. aug, Tampere, Finland

Deltakrarar frå BUL:

- Christopher Nordlie
 - Forsøk 100m
 - Forsøk 200m
 - Forsøk 4x100m
- Lilje Patey:
 - Semifinale 400m
 - 6. plass 4x400m
- Richard Dahn:
 - Forsøk 4x100m

Junior NM 15-17. aug, Bergen

- 1 gull
- 5 sølv
- 6 bronse

UM 5-9. sept, Stjørdal

- 3 gull
- 6 sølv
- 2 bronse

NM Terreng lang løype, Jessheim, 12. okt

- 1 sølv
- 1 bronse

Sprint - trenar Jan Hordvik

Innandørs NM

60m Per-Tinius Fremstad-Waldron gull med 6.66 som også var meisterskaps rekord.

4 x 200m; Per-Tinius Fremstad-Waldron, Mats Hjørnevik, Theodore Einar Fremstad-Waldron og Christian Wrigth alle fra gruppa tok Gull.

Innandørs UM.

60m Bronse UM innandørs 20-22 på Mats Hjørnevik

200m Sølv UM innandørs 20-22 på Mats Hjørnevik Utendørs

Utandørssesongen;

Starta sesongen med ny norsk U-23 rekord på 4 x 200m der Mats Hjørnevik, Mads Hjort-Larsen, Sander Werge Nilsen og Ariand Shagani sprang på laget, dei 2 førstnemnde tilhørte gruppa vår, seinare på sesongen var Christian Wright med å setja norsk rekord på 4 x 200m for senior-U-23 og senior.

Per-Tinius Fremstad-Waldron tok sølv i senior NM på 100m.

Gull på 4 x 400m for senior; På laget deltok Mads Hjort-Larsen og Sander Myrvang.

Gull på 4 x 100m for senior; På laget deltok Per-Tinius Fremstad-Waldron.

Gull på 4x400m for junior; På laget deltok Christian Wrigth og Elijah Ramirez.

Gull 1000m stafett for junior NM, Christian Wrigth var med på laget.

Bronse på 100m for Christian Wrigth på 100m for junior.

Gull på 1000m stafett i UM; Elijah Ramirez var med på laget.

Ida-Louise Øverland deltok i VM i india para, vart slått ut i forsøket på 100m.

Yngste mann Chika Okeke Vant VU spelen på 60m hk og sette norsk aldersrekord på 60m flat.

Utøvarar:

Per-Tinius Fremstad-Waldron pers på 100-150m og 200m utandørs denne sesongen. 60m innandørs.

Ida-Louise Øverland pers på. 60m -100m utandørs denne sesongen, og pers på 60m innandørs.

Mads Hjort-Larsen pers på 60m-200-300 utandørs denne sesongen og pers på 60m og 200m innandørs.

Jonathan Holen pers på 100m utandørs denne sesongen. Var storsett heile året i Boston, og sprang berre 3-4 stemnar totalt. Men tilbake no og trenar godt.

Theodore Fremstad-Waldron; pers på 100m, 150m og 200m utandørs, og pers på 60m og 200m innandørs.

Mats Hjørnevik, pers på 100m, 150m-300m og 400m utandørs, og innendørs pers på 60m.

Sigve Estensgård, pers på 60m-100m-150m-200m og 400m utandørs, og 60m-200m og 400m innandørs.

Bereket Wayu sette ingen persar, men glad for å han tilbake og trenar bra, etter å ikkje delteke i 2024.

Zion Ramirez: pers på 60m-100m-200m og innandørs pers på 60m og 200m.

Elijah Ramirez: Pers på 60m-100m-150m-200m og 400m, og innandørs pers på 60m og 200m.

Sander Myrvang pers på 200m utandørs og pers 200m innandørs.

Christian Wrigth pers 60-100-150-200-300 og 400m, innandørs pers på 60m og 200m.

Hanna H. Bakke pers på 100m utandørs, sprang ikkje innandørs. Ho drog til New Zealand i juni, og er no tilbake, men skadde og må vera varsam i eit par månader.

Yngste mann Chika Okeke sprang sterkt gjennom heile sesongen og markerte seg fint på stemna.

Så det var ein grei sesong, men hadde eit par skadar me skulle vore forutan. Var fornøgd med dei fleste, men var eit par som eg gjerne skulle sett betre utvikling på.

Sprint – Trenar Udoka Madu

2025 vart eit sterkt år for gruppa, med mykje bra innsats og fleire gode resultat.

Tobias leverte bra då han tok kravet til U20-EM på første forsøk under Tyrvinglekene. Han fekk trenar godt gjennom sommaren, og var klar for meisterskapen. Dessverre vart det ein kjenning i lysken dagen før avreise. Tobias viser at han spring fort med relativt lite trening. Målet vidare er å få trenar godt utan å få skadeavbrekk.

Jonas Rosholt vann 400m under UM innandørs med personleg rekord, og første gong på 48-talet. Utandørs er øvinga hans 400m hk, og han sprang seg ned 2 sekund frå året før. U20-EM-kravet var tre hundredelar betre enn den nye persen, så det var kjipt og akkurat ikkje klare det største målet for sesongen. Likevel vart han teken ut til å springa 4x400m under U20-EM, men denne stafetten vart ikkje noko av for det norske laget.

Jonas Grüner-Mørck fekk endeleg vist kva han er god for og tok store steg på 400 meter. Den gamle persen forbetra han med nesten fire sekund, som resulterte i både finaleplass i NM og medalje i junior-NM. All treninga han har gjort opp gjennom åra med Tobias og Jonas R kom endeleg til god nytte, og han fekk vist noko av potensialet sitt på øvinga. Han enda sesongen med solide 48,58 og ein fjerdeplass i ein svært sterk 400m finale under UM i Stjørdal.

Nora leverte ein svært sterk innandørssesong, med solid framgang og personleg rekord heilt ned til 7,74 på 60 meter. Dessverre vart det ingen utandørssesong då ein ryggskade kom i vegen. Ho kom i gang med opptreninga igjen i løpet av sesongen, og er på god veg mot neste sesong.

Tida hadde både ein bra innandørssesong og utandørssesong i 2025. Ho tok store steg, og sprang for første gong på 12-talet på 100 meter, med solide 12,58. Dette var eit stort steg i rett retning, og det var godt å sjå så stor framgang for ein som har lagt ned mykje arbeid opp gjennom åra.

Edel var endeleg på beina igjen etter mykje skadetrøbbel. Fokuset har vore å komma tilbake frå skade, og konkurrera igjen og visa kva ho er god for. Målet framover er å minska skadeavbrekka ho har vore plaga av dei siste åra, då det viktigaste er å vera skadefri.

BVT – Leiar: Kjetil Myklebust

Eit nytt år er lagt bak oss – og me er alléreia godt i gang med sesongen 2026 nåroppssummeringa av fjoråret blir skreva her.

Sportsleg har det vore eit år der handballgruppa fortener ekstra stor kred. For få år sidan såg det ut til at det ikkje var liv laga for eit handballag i regi av BVT, med få spelarar og aldrande spelargruppe. Her har vinden snudd totalt. Gjennom det siste året har denne delen av BVT vakse og vakse og vakse. Gruppa har vorte so stor at me for første gong i historia må stilla med to lag i seriespelet som no går føre seg. Frå å knapt ha spelarar til å stilla lag til å kunna stilla med to sterke mannskap trass i frávær. Det er fantastisk. 2025 har vorte leidd stødig av Anett som også i løpet av 2025 fekk hjelp av vår nye trenar Aurora. Ho har gått inn som trenar både hos BUL Ung, handball og fotball. Så fort me får på plass ein fjerde trenar vil ho gå over som trenar for den eine av dei to vaksengruppene. Stor takk til desse to og vår fotballtrenar Erlend som styrer skuta i kvardagen. Her har me tre flotte representantar for Idrottslaget.

I 2025 har BUL Ung mista fleire av sine, men dette fordi alder tilseier at dei har kunne gått vidare til fotball eller handballgruppa. Dette var målsetjinga ved oppstart og me har fleire av våre første BUL Ung-utøvdarar no med i handballgruppa. No ønskjer me oss fleire medlemmar til BUL Unge for å byggja opp igjen den gruppa litt.

Handball har som nemnd hatt ein kraftig vekst og enda opp med å ta gull i Landsturneringen i Bergen. Akkurat som førre gong me var i Bergen. Haukelihallen har dermed vorte favorittarenaen vår. Det var idrettsglede på høgt nivå. I tillegg har dei vore med på Vivil-leikane med flott innsetts og dessutan seriespel som går frå haust-vår.

Fotballgruppa har som dei siste åra stilt to lag i både seriespel og cup. Her var me tilbake med eit 7ar-lag for våre beste på eit nivå me ikkje har prøvd oss på sidan før pandemien. Det vart ein tung, men lærerik oppleving, og truleg må me gå tilbake til to 5ar-lag denne sesongen. Sportsleg opptur kom det derimot på Vivil-leikane der 7ar-laget tok gull og jammen gjorde me ikkje det på Landsturneringen i Bergen òg. Det første gullet i fotball sidan Landsturneringa i Tromsø i 2010. Ei fantastisk helg i Bergen vart det og no er me klare for Landsturnering i Oslo i 2026. Kortare reise, og mange er nok skuffa over at det blir eit år utan hotellopphald og alt som følgjer med.

For 2026 ønskjer me oss ein siste trenar på plass for å gjere stallen komplett. Idrettsglede, samhald og sportsleg utfordring har me allereie på plass.

Sprint/hopp – Trenar: Unni Helland

Gruppa har bestått av ca 20 stk. gutar og jenter med litt blanda nivå og innsats på trening.

NM Stafetter Sandnes

4x100m G-15/16 nr. 2

(Kevin Nikpour, Chinua Macfoy-Hutchinson.

Aleksander Moen, Eirik Henjum)

4x100m M-junior DNF

4x100m M-senior nr. 1 tangering klubbrekord

Christopher E. Nordlie sprang etappe 3

4x100m K-junior nr. 3 (etappe 2 Lilje Patey, 3.Mathilde Falck,
4. Linnea Kristoffersen)

4x400m K-junior nr. 2 (Ane T. Lie, Sofie Sunde, Mathilde Falck, Lilje Patey)

NM senior Askøy

KS Dorothy Ampong 100m semi. Ingen finale
Lengde finale

MS Thomas V. Biermann 5. lengd 5. tresteg

NM junior Fana, Bergen

K U-20 Lilje Lopes Patey 3. 200m 2. 400m

Sofie Sunde 200m utslått

M U-23 Sander Werge Nilsen 6 100m 200m finale DNF

Ariand Shegani 100m utslått

M U-20 Christopher E. Nordlie 2. 100m 3. 200m

Richard Dahn 2. 200m

Thomas V. Biermann lengd finale 3. tresteg

Mikael Worku 100m + 200m utslått

1000m stafett U-23 nr. 2 (2.Dorothy Ampong, 3.Sofie Sunde, 4. Lilje Patey)

1000m stafett G-20 nr. 1 (2. Christopher E.Nordlie, 3. Richard Dahn)

UM hovudmeisterskapen Stjørdal

J-18/19 Lilje Lopes Patey 2. 200m 2. 400m

Sofie Sunde 5. 400m

J-17	Mathilde Falck	6. 100m	
J-16	Linnea Kristoffersen	100m + 200m utslått	
	Kristine Grimstad	200m utslått	
G-18/19	Christopher E. Nordlie	1. 100m	1. 200m
	Kasper V Engvik	100m utslått	
	Adil Suleimann	400m tid avgj.	
	Thomas Viksaas Biermann	2. tresteg	
G-17	Mikael Worku	100m utslått	6. 300m hekk
	Carl William Holst	400m tid avg.	200m utslått
G-15	Aleksander Moen	2. tresteg	100m + lengd utslått
1000m stafett J-15/16 nr. 5	(1. Kristine Grimstad, 2. Linnea Kristoffersen)		
1000m stafett J-17/19 nr 3.	(1. Mathilde Falck, 4. Lilje Patey)		
1000m stafett G-17/19	nr. 1	(2, Christopher E. Nordlie)	

EM U-20	Tampere, Finland 7-10. august		
J-U 20	Lilje Lopes Patey	400m semifinale utslått	
G-U 20	Christopher Ekene Nordlie	100m + 200m utslått	

Stafett 4x400m Jenter Norge nr.6

Lilje sprang 1. etappe 400m

Stafett 4x100m gutar DNF (2.Christopher Nordlie 4. Richard Dahn)

Junior Galla i Mannheim, Tyskland

Lilje var teken ut på 400m nr3. med pers 53.67. Christopher 100m nr 4 B-finale 10.66

Nordisk juniorlandskamp Uppsala, Sverige

Lilje Patey 2. 400m Christopher Nordlie 3.100m + 2. 200m

Oppsummering

Gruppa har hatt ein utruleg sesong, med mange personlege rekordar.

Av jentene så er det Lilje Lopes Patey som har vore forgrunns figuren med størst framgang.

Lilje vart teken ut på Noregs lag til Europamesterskap i Finland for U-20 i august på 400m.

Ho kom til semifinale, mangla litt på finale. Lilje sprang også ein fantastisk etappe på stafetten.

På gutesida er det Christopher Ekene Nordlie som har markert seg mest saman med Richard Dahn som begge var med i EM U-20.

I tillegg har Thomas Biermann hatt ein flott framgang lengd og tresteg.

Distanse – Trenar: Hassan Bouka

Året 2025 har dessverre vore prega av ein del skadar og graviditet. Det har derfor ikkje vore som mykje deltaking i konkurransar.

Mars 2025:

Sesongen byrja i Fredrikstad med Fredrikstadløpet i slutten av mars, der nokon frå gruppa var med på halvmaraton.

April 2025:

Så følgde det med ein del deltaking i Sentrumsløpet, der dei fleste var med, arrangerte og løp anten 10km eller 5km

Mai 2025:

Mai er konkurranses månaden, der det blir arrangert fleire gateløp, stafettar og baneløp

Det byrja med Holmenkollstafetten, der BUL stilte opp med tre lag og alle fekk sprunge. Nokre løp i elitelag kvinner, dei fleste andre løp for mikslaget flest kvinner.

Fornebuløpet: her var det nokon frå gruppa som deltok

Juni 2025: eitt per deltok i Kristina løpet i Tønsberg

Juli 2025: Ingen sprang

August 2025:

Inga deltaking

September 2025

Drammen halvmaraton, der mange var med på halvmaraton og nokon var med på 5km

Oslo maraton, der mange var med anten på hel, halvmaraton eller 10km.

Oktober 2025:

Noregsløpet, her deltok ein god del på 10km og nokon på 5km

Høgda i haust punktet og Hytteplanmila, hadde mange deltakande frå gruppa.

November 2025:

Vintermaraton, mange tok turen til Jessheim og deltok i både heil, halv og 10km.

Ila hausten hadde fleire vore i utlandet og vore med på ulike gateløp. Alt frå Berlin maraton, Frankfurt maraton.

Sesongen vart avslutta med ei hyggjeleg sosial samling under julebord i starten av desember.

I 2025 har eitt per av deltakar vore med på baneløp. Me satsar på at fleire konkurrer på banen gav 2026

Mellom og langdistanse – Trenar: Svein Erik Strand Tønnesen

Sesongen 2025 var eit år med god rekruttering og fleire sterke resultat for mellom- og langdistanse i BUL.

- Under NM utandørs vart dei beste plasseringane ein bronse til Andrea på 3000m hinder og ein 6. plass til Vette på 1500m.
- Herrelaget til IL i BUL kom på femteplass av dei norske laga i Holmenkollstafetten medan damelaget kom på ein fin 8. plass blant dei norske. Begge laga hadde innslag av både juniorar og veteranar.
- Vette Farbu-Solbakken og Andrea Engesæth tok høvesvis bronse og sølv i seniorklassane på NM terreng lang løype. Begge desse var også med til EM terrengløp i Lagoa, Portugal i desember der m.a. Andrea sprang inn til ein sterk 25. plass som var ei forbetring på 25 plassar samanlikna med resultatet hennar frå EM terreng 2024.
- Vette og Rabi kvalifiserte seg til U23-EM i Bergen 2025, på høvesvis 1500/5000m og 10,000m.
- Gruppa noterte elles mange fine resultat på baneløp i 2025, m.a. på 800m med Vette Farbu-Solbakken 1.53,04, Mats Hauge 1.53,40, Robin Wathne Nedrehagen 1.53,83 Fabian Alexander Sparboe 1.56,93, Johannes Dalland 1.59,91, Jonas Røstum 2.01,22, Adrian Sevaldstad 2.01,68, Halvard Grape Fladby 2.01,80, Fredrik Ness Evensmo 2.07,13 og Aurora Langbakk 2.17,73.
- På 1500m sprang Ibrahim Buras svært sterkt med 3.36,00 og Vette Farbu-Solbakken med 3.41,17. Andre resultat som bør nemnast er Sebastian van der Veen med 3.49,48 og Andrea Modin Engesæth med 4.23,31. Filip Bøe-Johannesen (g14) sprang også fine 4.17 på 1500m på slutten av sesongen som var årsbeste for klassen.

- På 2000m sprang fleire av juniorane godt med 7.13,23 og ein 9. plass på Lotte Andersen i UM J15 og 5.47, 5.57 og 6.05 på høvesvis Jonas Røstum, Jørgen Smedsrud Engebretsen og Fredrik Ness Evensmo. Desse gutane sprang også inn til høvesvis andre plass, fjerde plass og femte plass på same distanse i UM G15. Jonas Røstum fekk også med seg ein tredje plass på 800m med tida 2.01,22 under UM.
- På 3000m sprang Ibrahim Buras sterkt med tida 7.56, Vetle 8.06 og Abdullahi Dahir Rabi som sleit med ein leggskafe store delar av sesongen på 8.06. Andrea sprang 9.27 og Mari Roligheten Ruud 9.37.
- På lengre distansar sprang Vetle også 13.55 på 5,000m, Simon Steinshamn 14.32 og Simen Ellingsdalen 14.48. Inger Johannes Russnes tok NM-kravet for første gong med tida 17.43.
- Rabi sprang 28.57 på 10,000m og Andrea 9.55 på 3000m hinder som var ny personleg rekord.
- På 10km gateløp vart det også sprunge sterkt i 2025, m.a. av Andrea og Mari med 32.42 og 33.25 på Hytteplanmila. Ibrahim sprang 28.50 og Vetle 28.56. Simen Ellingsdalen gjorde også ein fin debut på maratonar med 2.24,57.
- På slutten av året har det elles komme mange nye tilskot til treningsgruppa, mellom anna Moa Bollerød, Andreas Iden, Sondre Hoff, Mads Orø Olsen, Marius Wang og Ragnar Nersten.

Totalt er treningsgruppa for 15 år til senior i mellom- og langdistansegruppa opp mot 30-35 relativt aktive utøvarar. For 2026 er målet endå betre plassering på Holmenkollstafetten, fleire Um- og NM-medaljar for dei beste utøvarane i tillegg til fin progresjon for juniorutøvarane i gruppa.

Sprint – Trener: Quincy Douglas

Leon: Etter ein knallbra haust og vinter med trening så gav det fullt utslag innandørs med 2x47,62 på 400 meter og eit gledeleg innandørs NM-sølv.

Målet utandørs var å sletta klubb rekorden til Per Rom på 46,73. Dessverre skadde Leon seg medio april og det vart dermed 46,97 under NM i Bergen og 4 plass i finalen.

Utan skaden så er eg overtydd om at 45,90-46,30 hadde vorte det beste resultatet hans.

Vorte sterkare, raskare også i løpet av 2025 sesongen.

Erik Hagen: Etter 1 år med godt oppmøte og raske tider på trening så fekk han til slutt 6,94 på 60 meter og kom seg dermed til NM finalen. Der vart han nr 6. La opp på sommaren då han fekk sitt 3 barn.

Thomas: Sprang lite i fjor grunna heiltids jobb og lite kontinuitet i treninga si. Oppnådde 11.20 medio Juli.

Er tibaka i trening og satsar mot låg 11 i år.

Thea: La opp før sesongen tok til.

Langrenn – Lagleiar: Ole Morten Weng

Årets start var siste halvdel av Tour de Ski 2024/2025. Ho overraska seg sjølv og alle andre med å bli 3 i sprint klassisk i Val di Fiemme. Løypa var tøff med bratte motbakkar og det passar Heidi bra. Dette var hennar 14. pallplass i sprint i karrieren, men det var lenge sidan førre pallplass. I monsterbakken dette året gjekk ho seg tidleg stiv, men likevel greidde ho ein 3. plass denne dagen.

Heidi prioriterte trening etter Tour de Ski og deltok ikkje i WC renn før dei siste WC-a renna før VM i Trondheim. Desse WC-a renna gjekk i Falun og Heidi vart nummer 2 begge dagar. Det gav tryggleik i at toppforma var på veg.

VM i Trondheim viste at ikkje berre form er viktig, men også ein god del flaks og uhell kan gjera store utslag på resultatlista. Føreforholda var utfordrande på alle konkurransedagane for kvinnene.

I duathlon fall først Heidi rett etter start i ein fiskebeinmote. Ho vart først trakka på staven, stoppa opp, då vart den eine ski tråket på og Heidi ned på kne. Ho var nesten sist i feltet når ho kom seg på beina. Etter eit par kilometer var ho igjen oppe i tet. Ho tetta nok luka for fort og vart stiv. Etter skibytet var ho i tetgruppa fram til passering stadion med ein runde igjen. Då vart ho felt i ein sving av utøvar som tok innersving på isen og fall. Luka som då oppstod, greidde ho aldri å tetta. Slumpen denne gongen gjorde at ho i staden for å kjempa om gullet vart nummer 5. Dei 2 første på pallen denne dagen har Heidi aldri vorte slått av i ein spurt.

På 10km klassisk med individuell start var det varierende vêr med regn, snøvêr og opphaldsvêr. Det vart mykje ulike forhold og øvst på liste dominerte dei først startande av favorittane. Heidi starta sist i raud gruppe.

Heidi gjekk første etappe for Noreg og skaffa ei solid luke til Sverige. Noreg enda som nummer 2 bak Sverige.

5 mila i skøyting vart avvikla under uverdige forhold. Det var ekstremt løyst og tungt å gå. Sverige vann smørjekonkurranse, men Heidi vart 2. Det var ein dag då 4 utøvarar gjekk saman i tet i 5 mil. Kjedeleg for tilskodarar, men sikkert spennande for dei involverte. Dei 4 var såpass jamne at det var umogleg å gå frå og det heile vart avgjort med vegval i siste bakke og glidforskjellar ned bakken mot stadion.

Det var alt i alt eit VM der Heidi var i veldig god form. Derfor var ho ikkje heilt fornøgd med resultata ho hadde oppnådd, men svært godt fornøgd med kor god forma ho hadde vore. Opplegget fram mot meisterskapen hadde fungert veldig bra.

Men ho vart forkjølt etter Trondheim og hadde tenkt å stå over renna i Holmenkollen. Ho bestemte seg likevel for å gå. Siste rennet her var 10km skøyting. Der gjekk Heidi to like raske rundar og vart 2 berre dryge sekundet bak Moa Ilar. Med denne sesongen var ho samanlagd framfor Terese Johaug både på plass-siffer og i tid i dei 4 10km skøyting dei konkurrerte mot kvarandre.

Etter Holmenkollen valde Heidi å hoppa av WC sirkuset. Ho gjekk Skandinavisk Cup på Gålå og NM siste halvdel. Der vann ho alle renna med klar margin.

Treningssesongen 2025 vart prega av at Heidi ønskte å konkurrera på sommaren igjen. Ho hadde på vinteren prøvd å springa 10km på mølle og vart litt inspirert av det. Derfor deltok ho i Sentrumsløpet og vann kvinneklassen. Tida vart 33:29. 10km distansen under Oslo Maraton var NM gateløp og Heidi vart 2. Ho sprang også Hytteplanmila på tida 32:28. Det siste løpet opna ho hardt for å sjå om ho kunne komma under 32 minutt, men opninga vart for hard til at muskulaturen tolte det. Ho greidde ikkje å halda oppe steget, men kom likevel inn på 32:28. Dette gav meirsmak og Heidi har gitt uttrykk for at ho i 2026 igjen vil prøva diverse 10 kilometerløp.

Elles vart treningssesongen forstyrra av 3 tilbakefall med krystallsjuke. Det er etterverknader ho har fått etter hjerneristinga i mars 2022. Når ho får desse periodane, er ho ute av trening 3 til 4 dagar. Saman med 2 tilfelle av Covid vart kontinuitet på sommaren og tidleg haust litt for dårleg. Opningsrenna på Beitostølen bar preg av at forma ikkje var heilt der ho skulle.

Men med litt overskot vart det likevel 2.plass på 10km klassisk og 3. plass på 20km skøyting i Ruka under WC opninga. Helga etter var WC renn i Trondheim der ho vart 2 på duathlon. 10km skøyting i Trondheim vart skuffande for henne. Det var sesongens store mål å satsa på 10km skøyting i OL 2026. Derfor vart den gode sesongopninga litt skuffande då skøyteteknikken ikkje sat som han skulle. Ho gjekk ikkje fleire WC renn før Tour de Ski.

Rett før Tour de Ski vart det ein periode med forkjøling. Det gjorde at ho var veldig i tvil om ho i det heile skulle gå Touren, men gjennomførte likevel.

Årsmelding for målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo 2025

På årsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) våren 2025 vart Håvard Tangen, Marie Nicolaisen og Olav-Johan Øye valde inn i målnemnda til laget.

Arbeidet har først og fremst vore knytt til laget sine egne aktivitetar og aktivitetar i lag med samarbeidspartnarar. Vi samarbeider med andre lag og organisasjonar om ulike tiltak i Oslo, blant andre Fylkesmållaget Vikværingen. Å ta vere på og skape nettverk i målrørsla er ein dei av innsatsen til målnemnda.

Vi skulle gjerne hatt fleire med i nemnda, og fleire medspelarar i laget og forretningane, og dermed fått gjort meir. Men vi har i aukande grad møtt mykje velvilje for målarbeidet og for nynorsken.

Målbruken i laget

Nynorsk vert i stor grad brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sidene til Bondeungdomslaget, Songlaget, Teaterlaget, Leikarringen og Nynorskens hus. Dette er av verdi for å ta vare på det nynorske språket i laget, og har noko å seie for å gjere nynorsken synleg i kulturarbeid i Oslo.

Målnemnda oppmodar særlega om å bruke nynorske tekster når dei vel stykke og repertoar, og i kommunikasjonen elles.

Målnemnda sitt arbeid for laget

Vi minner om at målnemnda kan vere til hjelp når det gjeld praktisk rådgjeving i laget. Vi kan tilby kurs og inspirasjonsforedrag når vi veit at det er god von om få deltakarar etter å ha gjort konkrete avtalar med særleg og styre, og har sendt invitasjonar til eksterne.

Målnemnda hjelper meir enn gjerne til med å rette og setje om dokument frå bokmål til nynorsk.

Målnemnda har i 2025 vore til hjelp for einskildpersonar og lag som har ynskt hjelp til omsetjing til nynorsk eller korrektur. I 2025 har dette først og fremst vore Songlaget.

I 2025 har vi i større grad synleggjort nemnda på laget sine nettsider og i nyheitsbrev internt i laget.

Vi ser fram til å høyre frå andre som søker hjelp til å få betra nynorsken sin.

I 2025 har vi undersøkt om nynorskroboten til NTB kan vere til hjelp for BUL. Denne har ein relativt høg kostnad kvar månad, og laget har i utgangspunktet ikkje midlar til dette. Vi har fått tilbod om å prøve ut i ein kortare periode gratis. Dette er enno ikkje gjort.

Målbruken i forretningane

Vi er glade for at Hotell Bondeheimen og Kaffistova sluttar opp om nynorsken. Det ser no ut til å vere ein del av profilen, og lite kontroversielt. Forretningane kan også gjerne rådføre seg med målnemnda.

Tilskipingar og tiltak

Nynorsk inspirasjonsdag 2025 gjekk av stabelen på Det Norske Teatret 9. september, og målnemnda var no som tidlegare år fast støttespelar. Det er mållaga i Oslo og omland saman med Fylkesmållaget Vikværingen og Noregs Lærarmållag som står bak dette seminaret som vender seg mot lærarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Konferansier var målkonsulenten ved teateret, Inger Johanne Sæterbakk, og på programmet elles stod leiaren ved Nynorsksenteret i Volda, Synnøve Sætre, leiaren for Store norske leksikon, Erik Bolstad, og skodespelarane Carl Martin Eggesbø og Ine Svenningdal i samtale med Inger Johanne Sæterbakk og Erlend Tårnesvik Dreiås frå teateret. Det var om lag hundre deltakarar og særers vellukka.

Norsk målstemna helga 4. og 5. oktober 2025 var vellukka, og målnemnda var medtilskipar 8. året på rad. Programposten med professor Per Halse om Nynorsk salmebok måtte flyttast på grunn av uvêr og vanskar med å kome fram frå Volda. Erik Kjebekk heldt foredrag om Lunde forlag og nynorsken. Professor Sverre Stausland heldt eit vel førebutt og spissformulert innlegg om nynorsk og færøysk. Ole Jakob Totland hadde med seg nyttgjevne dikt. Sundag var det eige program på Hadeland med forfattar og omsetjar Leif Høgghaug og arbeidet med å setje om James Joyces *Finnegan's Wake* til norsk for første gong. Kring 30 var med på dei to dagane til saman. Samarbeidet var som vanleg med Høgnorskringen og Norsk Måldyrkingslag.

Vi var med på å skipe til forfattarkveld med Brit Bildøen 12. november i Teatersalen, og denne kvelden var vellukka. Forfattaren samtala med Marta Norheim, som har lang fartstid frå bokprogrammet i NRK. Om lag 35 møtte fram. Dette var eit samarbeid med Samlagsrota. Sagene Bokhandel selde bøker av Brit Bildøen.

Vi har planlagt nynorsk inspirasjonsforedrag med Kristin Fridtun («Kvifor nynorsk?») 11. februar 2026.

Visjon

Målnemnda ønskjer å ta vare på den nynorske delen av kulturarven, og vil arbeide for å gje rom til nynorsk i Oslo og gjere det lettare å vere nynorskbrukar i hovudstaden. Vi ønskjer at det vert fleire nynorskbrukarar i Oslo.

Vi vil motivere til god nynorsk i Bondeungdomslaget sine forretningar og lagsarbeid, og samarbeide med nærsfylde organisasjonar om nynorsk kulturarbeid.

For målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo

Olav-Johan Øye

16. feb. 2026

Røkleivhytta

Årsmelding 2025

Hyttestyret

Årsmøtet valde desse til hyttestyret: Tormod Bønes (leiar), Olaf Allmenningen, Sveinung Helgheim, Vigdis Rønning og Audun Åby.

Tormod Bønes døydde 4. juni etter ei sykkelulukke. Olaf Allmenningen døydde 11. juni. Hyttestyret deltok i begge gravferdene. Olaf Allmenningen skreiv minneord om Tormod, som han publiserte rett før han og brått døydde. Dugnaden rett før dødsfalla var siste felles arbeidsøkt for det samla hyttestyret. Begge dei to var heidersmedlemer i BUL, for den store innsatsen dei hadde lagt ned både for Røkleivhytta og elles i Bondeungdomslaget. Det er saknet etter dei to vi kjenner mest på, men dødsfalla var også eit stort tap for arbeidskapasiteten i hyttestyret.

Hyttestyret valde Sveinung Helgheim til leiar på møte 21. august. Hyttestyret vart elles ikkje supplert med nye medlemer. Den faste leigetakaren, sjå nedanfor, har vore til stor hjelp, og tilsette på kontoret har også hjelpt til.

Utleigeaktiviteten

40 utleigedøgn

477 gjester

844 gjestedøgn.

Fast leigetakar

Frå august 2025 har hytta vore utleigd til ein fast leigetakar, som er på hytta i vekedagane og flyttar ut når hytta er utleigd om helgane. Leigetakaren har vore til stor hjelp for hyttestyret. Han har vore vaken til å sjå kva som trengst å gjere på hytta. Han har også teke seg av tilsyn etter at hytta har vore utleigd.

Oppgradering og vedlikehald

Det er ikkje gjennomført større oppgraderingar i 2025. Den faste leigetakaren har vore til stor hjelp til å fange opp vedlikehaldsbehov, og han har gjort ein del vedlikehald etter avtale med hyttestyret. Då vi seinhausten 2025 hadde elektrikar på hytta for å reparere varmekabelen til den eine dotanken, fekk vi også gjort el.-installasjonar i badstova, men det står framleis att ein del snikkararbeid og flislegging før ho kan takast i bruk.

Drift

Arne Nordvi har hjelpt til med styringa av det elektriske anlegget. Han deltok på dugnaden i mai og har lært opp hyttestyremedlemer og den faste leigetakaren i bruk av appen som styrer oppvarminga.

Dugnader

Dotøming har vore fast gjeremål på alle dugnader. Tankane må tømast minst ein gong for halvåret. No når vi har ein leigetakar der, er det lettare å følgje med på kva tid det trengst tømning.

24. mai: Rydding i kjellaren. Vi flytta ein del materialar og utstyr som har vore lagra der over til uthuset. Ein del utrangerte møblar som stolar mv. vart brende på bål.

1. november: Vask av vindauge og vindaugskarmar (doble vindauge). Alle vindauga i peisestova vart vaska, og eit vindauge og veggen over vasken på kjøkkenet vart vaske. Vi frakta med oss og monterte ei glasrute som hadde vore til reperasjon hjå ein glasmeister. I tillegg gjorde vi freistnader på å rette opp takrenna over verandaen, for å unngå at det skal renne over og drype ned på trappa.

Open hytte

Samstundes med dugnaden 1. november hadde vi open hytte og serverte kaffi, te og bollar til lagsfolk som møtte fram.

Framtidig drift

Lagsstyret har hatt i arbeid ei nemnd som hadde til oppdrag å vurdere framtida for lagshyttene. Hyttestyret har vore orientert om dette arbeidet.

Årsmelding for Bondehytta 2025



Vi blei berre 3 medlemmer i hyttestyret i 2025

Hytta vart leigd ut 14 gonger til eksterne, dei fleste til skuleklassar.

Vi har registrert 10 interne besøk. Det er både dugnadar og medlemmer på tur. I tillegg veit vi at det har vore ein del besøk som ikkje kom inn i utleigelista. Det er fleir enn på ein del år.

Det var stille fram til mai, blant anna på grunn av at leiaren måtte bruke krykkjer i nokre månader.

22.-24. august hadde vi kastedugnad, der vi leigde inn konteiner som vart nesten full. Så vi blei kvitt mykje gammalt skrot.

Etter dette blei Smørjerommet gjort om til ekstra hyttestyrebod for oppbevaring av stillas.

På slutten av året fekk vi kjøpt stillas. Så framover kan vi arbeide sikrare i høgda. Vi fekk hjelp av helikopter til å få det inn frå den andre sida av Ørfiske.

Vi deltok også på vegdugnad i Ørfiske vel på hausten.

For å kunne halde hytta ved like framover er vi avhengige av at folk vil stille på dugnadar, og hyttestyret vil prøve bli flinkare til å kalle inn til dette i god tid.

Styret har i 2025 hatt desse medlemene:

Rune Bergwitz (leiar)

Anne Cathrine Johansen

Klas Ekeland



ÅRSMELDING 2025 FRÅ RÅDET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Etter årsmøtet i 2024 har rådet hatt desse medlemmene: Kari Bjørke (ordfører), Sveinung Lindaas, Sveinung Helgheim, Vivian Brattsti Sørensen, Vidar Lund, Vigdis Rønning, Terje Svindseth, Karianne Johansen, Magnhild Kaasin (1. vara) og Marie Nicolaisen (2. vara). Marie Nicolaisen vart tilsett som vikar for dagleg leiar i Bondeungdomslaget i Oslo og gjekk difor ut som medlem frå 1.8.2025.

Rådet har hatt fire ordinære møte i arbeidsåret 2025–2026, generalforsamling og ei ekstraordinær generalforsamling i samband med val av revisor. Det har vore bra oppmøte, og rådet har vore vedtaksført på alle møta.

Oppgåvene til rådet er å ha tilsyn med økonomien i Bondeungdomslaget, særlega og økonomiske tiltak som laget eig eller er med i. Rådet skal gje tilråding om lagsbudsjettet og rekneskapen etter § 10 i lagslova. I enkelte tilfelle tek også rådet opp andre type saker som styret legg fram, eller tek initiativ til å ta opp eigne saker. Rådet er, saman med lagsstyret, generalforsamling for Bøndernes Hus AS.

Bondeungdomslaget i Oslo

I fleire år har laget, i samråd med rådet, vore forsiktig med pengebruken og også i 2025 var ikkje målet at vi skulle bruke midlane som var budsjettert, om det ikkje var naudsynt.

Den største ekstraordinære kostnaden for laget i 2025 var fase 1 av oppgraderinga av foajeen. Arbeidet vart ein del dyrare enn budsjettert. Dette var eit relativt stort og komplisert oppgraderingsprosjekt i eit gammalt bygg. Rådet oppmoda laget om å arbeida for betre prosjektstyingskompetanse ved slike arbeid, og gjerne i samarbeid med huseigar.

I samband med budsjett 2026 og ynskje frå laget om fleire store investeringar, har rådet drøfta korleis budsjetteringa best mogleg kan leggjast opp framover. Slik eigarskapen er organisert i dag er det vanskeleg å bygge opp eigenkapital i laget til ekstraordinære investeringar. Laget må ikkje tømme forretningane for framtidige inntekter, men må heller ikkje sveltefôrast i samband med investeringar som kan virke positivt inn på, og utvikle lagsaktiviteten.

Bøndernes hus AS

Dei siste åra, inkludert 2025, har det vore ei krevjande økonomisk tid i Noreg og rådet har difor vore opptatt av korleis dette har påverka laget og forretningane. Straumprisen er framleis høg, det same er prisveksten og renter som påverkar kjøpekrafta negativt. Det har også vore auke i vare- og kredittkortkostnader.

Låg kronekurs har på den andre sida positivt innverknad på utanlandsk turisme, og hotellet har høgt belegg og gode gjennomsnittsprisar. Kaffistova har hatt ei god utvikling, men har mellom anna utfordringar med servicenivået knytt til det nye driftsopplegget. Nedgang i handelen og høg eurokurs gjer at det er svært krevjande å få til lønsemd i Heimen Husfliden.

Kjøkenet på Kaffistova er bygd om i løpet av året, og det er bygd ny personalheis. Hotellet har også meldt seg inn i De Historiske. Forretningane har også kjøpt Ivar Lier AS (husflidsbedrift i Fredrikstad).

Rådet er nøgde med at både lagsstyret og styret for forretningane iarbeider godt med å halde fram drifta på ansvarleg vis.